


UL Heimhug Revygruppa

Apalen 13

5915 Hjelmås



Til Lindås kommune

Hjelmås, 20.10.17

**Innspel til Alkoholpolitisk plan**

Sender vedlagt eit innspel til alkoholpolitisk plan frå UI Heimhug, revygruppa.

Med helsing frå revygruppa

ved

Inger Helen Midtgård, Christine Westervik, Anne Rose M. Westervik, Kristin Rongevær

# Fråsegn alkoholpolitisk handlingsplan

---

Revyen ville skriva ei fråsegn kun på rim

Da e då me får det best til, og kjem inn i god stim

Da gjeld no skjenkeløyve og denne Stora-ståvo vår

Så difor de ei fråsegn frå revyen vår no får

Me har då i alle år levd under tronge , intime kår

Og drøymd om dagen då Storstova ferdig står

Me har gjeve vårt bidrag og hatt dugnad i fleng

Me må jo gjera ein innsats for kulturhuset me treng!

---

I Ljosheim har det vore trongt, intimt og jamvel mit og mus

Me tenkte, «å kor kjekt det vert å få spela revy i eit svera hus»

Hauptfest med revy, middag, dans, øl og vin det er vår tradisjon

Tenk når me får Storstova, å du å du for ein luksus situasjon!

Humørfestival i Brakvatnehagjen- for heile Nordhordland

Me sleit på bord og stola og jobba alle mann

Med kultursjefen i spissen – å du kor fin ein fest

Me sette oss på kartet – og æra kvar ein gjest

Me jobba har for stova for ny flott festival  
I nya besta Ståvo- vår humør- og revykatedral  
Me var så engasjerte og ivrige som få  
Så skuffa de oss heise, ka e da de fidn på?

Me hadde gledd oss til kulturkveldar med litte granne vin  
Kvite dukar, festleg lag – kultur og stemning fin  
Men me vart grådig skuffa – då kommunen den sa nei  
«Her skal det ikkje skjenkast- å huff å huff å hei»

Me samla inn mykje penga fordi me skulle ha  
Ei Storstova for alle ja, det var det me sa  
For idrett, kristne rørsler og så for all kultur  
Som elles her bygde, i tronge kår no bur

Som bomba kom kommunen og sette foten ned  
Her skal det ikkje skjenkast for det bestemte de  
Det såg me ikkje koma, fordi me stolte på  
At kommunen heldt sitt ord, me vonbrotne var då

Me skal jo ikkje festa og riva Stova ned!

Men skjenkeløyve trengs til da me skal bruka den te`

Me har så store planar, men dei er sett på vent

Til de gjer oss eit løyve, ja no me ventar spent

Me er så heise skuffa og ber dykk ta te vet

Me vil jo bere ha ei øl til maten som me et?

Humøret vårt er godt- det veit de sikkert vel

Så gje oss skjenkeløyve – for ei kulturstova med sjel

UL Heimhug - Hjelmåsrevyen 2017

  
Anne R. Westervik

Christine Westervik  
Jørgen Helen Thødtgard